



Foreldre/føresette

Vår referanse: 2020/74333-2  
Saksbehandlar: Irene Tunestveit Utne  
Dato: 12. oktober 2020  
Deres ref.:

## Informasjon til føresette

### Trafikk

Vi jobbar hardt for at alle skal ha det trygt og godt på Garnes skule.

Derfor vil vi minne på følgjande når barna skal til og frå skulen:

- Bruk refleks – vaksne og barn
- Gå til og frå skulen om det er høve til det
- Om vaksne må køyre, ber vi om at de sett av barna i rundkøyinga ved ungdomsskulen. Føresette som tykkjer at borna er for små til å krysse vegen kan nytte parkeringa ved Bjørnarhallen.
- Aldri køyr inn på skuleplassen oppe, eller området ved parkeringa til skulen

### Litt informasjon om resten av 2020

Satsingsområda våre er eit godt skulemiljø og læring.

Denne hausten fortsett vi arbeidet med trygt og godt skulemiljø gjennom til dømes Olweusmøter på trinna kvar veke, gjennom at vi vaksne aukar kompetansen vår på mobbing og på eit trygt skulemiljø og gjennom godt samarbeid med dykk heime og med elevane våre og deira medverking.

12. november skal vi danse BlimE-dansen saman med heile Noreg.

Ny læreplan er ei spanande utfordring for oss vaksne, og vi testar ut auka tverrfagleg undervisning som ein del av dette.

Aksjonsdagen vår til Adina må gå ut i år, på grunn av smittevernhensyn. Vi kjem tilbake til korleis vi skal samle inn pengar til Adina i år. Når det ikkje blir aksjonsdag, blir det heller ikkje avspasering for aksjonsdagen i mai.

Det blir planleggingsdag fredag 6. november. Skulen og SFO er då stengt. Siste dag på skulen før juleferien er tysdag 22. desember.

Vi vil nytte anledninga til å takke for at alle tek ansvar og held barna heime når dei er sjuke!

Ta gjerne kontakt med oss på skulen om det er noko dykk heime lurar på.

Med helsing  
Garnes skule

Synnøve Hjertaker - rektor  
*Dokumentet er godkjent elektronisk.*